

# INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

## Årsmelding 2004

Våren 2001 starta det 3-årige prosjektet ”Nyskaping i småbedriftsmiljø” med eit budsjett på 1,8 mill kr. Prosjektet vart fullført i 2004. Dette var eit prosjekt under den strategiske næringsplanen for Hordaland. Osterøy Utvikling var prosjektansvarleg og Industrikonsulenten var prosjektleiar. Industrikonsulenten har i 2004 nytta mykje tid til dette prosjektet, serleg innan bioenergi og vakuumpolett/mobiltolett. Sluttrapporten og evalueringsrapporten frå Nordlandsforskning er lagt ut på våre heimesider; [www.osteroyindustri.no/indkons](http://www.osteroyindustri.no/indkons)

Industrikonsulenten er sekretær for kompensasjonsstyret for den auka arbeidsgjevaravgifta. Også i 2004 har me arbeidd aktivt for å få fullført kompensasjonen som Stortinget hadde lagt opp til, men utan å lukkast. Dermed er berre ca 50% av forventa 30 mill kr i kompensasjon så langt utbetalt.

Industrikonsulenten har bistått ved søknader om 5 nye skattefunnsprosjekt.

Talet på nye oppdrag var på same nivå som dei siste åra; 54 (2003;50). Talet på etableringsoppdrag var på samme høge nivå; 35 (33). Desse nye etableringsoppdraga har resultert i meir enn 15 nye verksemder. I dette talet er ikkje rekna med nyetableringar i 2004 i samband med oppdrag som er registrerte året før/ tidlegare år.

I 2004 arbeidde industrikonsulenten full stilling med kombinert løn frå Industrikonsulenten og Osterøy Utvikling (formelt er stillinga på 50%). Året før var stillingsprosenten også ca 100%.

Industrikonsulenten er sekretær for Osterøy Industrielag. Industrielaget har hatt mykje fokus på kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift, samferdsle/ ny veg mellom Hauge og Lonevåg, sikre tenleg industriareal i samband med kommunedelplanen for Hauge og å få tilbake barvegsstrategi mellom Lonevåg og Tysse og mellom Lonevåg og Flatevad. Sjå eiga årsmelding.

Kommunen har gitt tilskott til Industrikonsulentverksemda også for 2004. Kommunen held kontor til Industrikonsulenten.

Me får tilskott på kr 20.000 frå Hordland fylkeskommune via Osterfjord Nærings-samarbeid til næringsutviklingsarbeid.

## OPPDRAG

Forutan ein del oppdrag frå året før som det har vore arbeidd vidare med, har Industrikonsulenten altså fått 54 nye oppdrag i 2004. Dette er både reine kontakt- og informasjonsformidlingsoppdrag og oppdrag der konsulenten har gjort ein "jobb" for verksemda. Omfanget av oppdraga varierer frå oppdrag som vert løyste pr telefon til det største oppdraget (gjennom prosjektet ”Nyskaping i småbedriftsmiljø”) som var på 175 timar.

Oppdraga var fordelte slik:

	2003	2004
Nye etableringsoppdrag	33	35
Nye oppdrag for etablerte verksemder	17	19
<b>SUM</b>	<b>50</b>	<b>54</b>

I tillegg til det som er registrert som ”oppdrag”, kjem ei rekkje kontaktar med verksemdene gjennom sekretærfunksjonen for Industrielaget og gjennom prosjektarbeid, t.d. ”Nyskaping i småbedriftsmiljø”.

For dei fleste av etableringsoppdraga var ønsket om å ha ein ”samtalepartner” utgangspunktet for kontakten. Von om gunstig ”finansiering/tilskott” var utgangspunkt for ein del. Det at det finst tilskottsordningar, er eit hjelpemiddel til å kome i kontakt med oppdragsgjevarane. Det er svært få som oppnår å få tilskott. Skattefunnsordninga med skattefrådrag for utviklingsarbeid er derimot vorte ei bra ordning veletablerte bedrifter.

Følgjande oppstilling syner korleis oppdraga er fordelte med omsyn til storleik på verksemdene:

Tilsette	Tal oppdrag
Nyetablering	35
1-4	7
5-9	3
10-19	4
20-49	4
50-100	1
<b>SUM</b>	<b>54</b>

Fordelinga er godt i tråd med målet om å prioritere dei minste verksemdene.

85 % av oppdraga er komne i stand etter direkte initiativ frå kunden. Dette inneber at det er kundane sjølve som i stor grad finn fram til og spør etter hjelp frå Industrikonsulenten. Kva oppdrag Industrikonsulenten arbeider med, vert i stor grad styrt av dette. Ved 85% av oppdraga var første kontakt pr telefon. Oppdraga har vore frå 49 (49) ulike etablerarar / verksemdar. For 1 verksemd er det handsama 3 oppdrag, for 3 verksemdar 2 oppdrag.

Oppdraga for **eksisterande verksemdar** bransjefordelt:

Mekanisk industri	9
Anna industri	6
Tenester	2
Andre bransjar	2
<b>SUM</b>	<b>19</b>

**Etableringsoppdraga** bransjefordelt:

Ulike former for tenester	17
Handel	3
Handverk	5
Bygg og anlegg	6
Industri	4
<b>SUM</b>	<b>35</b>

Det er vanskeleg å seie kor mange verksemdar det vert av desse etablerings-sakene, mange etableringar skjer over tid, men allereie dreier det seg om ca 15 verksemdar.

## ANDRE SAKER INDUSTRIKONSULENTEN HAR ARBEIDD MED

Forutan å vera **sekretær for Osterøy Industrilag** (sjå eiga årsmelding) har Industrikonsulenten arbeidd med mellom anna følgjande oppgåver av meir generell karakter for Osterøy-næringslivet;

\* Osterøy-næringslivet fekk **kompensasjon for auken i arbeidsgjevaravgifta** frå 1.1.2000 t.o.m. 2003, men berre 50% av kompensasjonen som Stortinget hadde lagt opp til, er utbetalt. Industrikonsulenten er sekretær for kompensasjonsstyret på timebasis. Industrikonsulenten har delteke aktivt i det politiske arbeidet for at dei 14 kommunane som fekk auka arbeidsgjevaravgift frå 2000 skulle komme med i overgangsordninga frå 2004 for dei nye kommunane som har fått auka avgift. Dette har ikkje lukkast. Kompensasjonsstyret hadde øyremerkt vel 80% av dei forventade midlane til **ny veg mellom Hauge og Lonevåg**. Dette skulle bli ca 23 mill kr. Me står no tilbake med ca 8 mill kr. Kompensasjonsstyret har arbeidd aktivt for realisering av dette vegprosjektet. Det vert elles vist til årleg statusrapportering frå kompensasjonsstyret.

\* Nordlandsforskning si evaluering av prosjektet "Nyskaping i småbedriftsmiljø" syner at resultatmåla i prosjektet vart oppnådde. Dei peiker m.a. på at me er i ferd me å etablere ein

**bioenregiklynge**. Osterøy Energi AS har i 2004 søkt konsesjon for eit biogass- og deponigassanlegg med tilhøyrande anlegg for produksjon av biobrensel. Osterøy Energi AS starta mot slutten av året bygginga av ein biovarmesentral for sjukeheimen Osterøytunet. Vidare kan nemnast at ei nyutvikla, lita vakuumpumpe er vorte godt motteke i marknaden og prototyp for mobiltoalett basert på denne pumpa har vore til testing både på bryggedansen i Lonevåg og hjå Forsvaret.

Nyskappingsprosjektet vart avslutta med eit seminar i oktober der statsråd Lars Sponheim var mellom foredragshaldarane.

\* Eit **etablerarkurs** i regi av Osterfjord Nærings-samarbeid vart fullført tidleg på året.

\* Osterøy er med i prosjektet "Nærinett" ([www.narinett.no](http://www.narinett.no)) som inngår i den strategiske næringsplanen for Hordaland. Osterøy folkebok-samling i samarbeid med Industrikonsulenten sender **målretta informasjon pr e-post** til bedrifter på Osterøy via [www.narinytt.no](http://www.narinytt.no) Europakontoret i Hordaland fylkeskommune skaffar fram informasjonen. Base for informasjons-utsendinga er bedriftsregisteret [www.vestnett.no](http://www.vestnett.no) som Industrikonsulenten vedlikehaldar.

\* Nærinettprosjektet har vore evaluert med gode tilbakemeldingar. Hordaland fylkeskommune har regionsamarbeid med **Thüringen** i Tyskland. Fleire teknologisenter og Erfurt by har fatta interesse for Nærinett. I desember vart det fremja søknad til **Interreg IIC-programmet ENABLE** om finansiering av **TECHTRA, Technology Transfer Information Network**, med Industrikonsulenten som sekretariat for Osterfjord Nærings-samarbeid som prosjektleiar. Totalbudsjettet på søknads-tidspunktet var ca 2 mill kr.

\* Industrikonsulenten er styrerepresentant i **Osterøy Utvikling**. Som følgje av vanskar både med å rekruttere og å få godkjend lærekontraktar, vedtok årsmøtet like før jul å avvike Osterøy utvikling med verknad frå 1.4.05.

\* Industrikonsulenten deltek aktivt i **Osterfjord Nærings-samarbeid** (for nærare omtale sjå [www.osteroyindustri.no/indkons](http://www.osteroyindustri.no/indkons)). Gjennom dette samarbeidet er det gjennomført eit større prosjekt innan **nyskaping og kompetanse i landbruket**. Her har Industrikonsulenten medverka aktivt, m.a. med fagansvar for eit delprosjekt innan **småkraftverk**. Industrikonsulenten har også fått opplæring og delteke som coach for nyetablerarar knytte til landbruket. Frå 1.1.05 har Industrikonsulenten sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Nærings-samarbeid.

\* Industrikonsulenten har sidan starten i 1993 vore aktiv deltakar i **kontaktutvalet skule/næringsliv**. Både Industrikonsulenten og Osterøy Industrilag trekte seg frå dette samarbeidet i 2004 grunna manglande resultat. Den årlege utdanningsmessa held fram og vart skipa til i Osterøyhallen i haustsemesteret.

## MØTE, KURS, FOREDRAG

Forutan møteverksemd mm. i samband med ovan-nemnde kan nemnast;

\* Synfaring med **stortingsrepresentant Gjermund Hagesæter**.

\* Delteke ved startseminar for ”**Eg fann, eg fann**”; utvikling av tilleggsnæringar i landbruket.

\* Delteke ved utflukt i regi av **Mjøse Metallvarefabrikk AS** til Sunnmøre med m.a. vitjing hjå Ekornes AS og Jets AS.

\* Delteke ved møte i Oslo for nettverk for 100 + 14 kommunar som har fått **auka arbeidsgjevaravgift**. Møte i Bergen for dei 14 kommunane.

\* Delteke i kurs i **coaching** i regi av Landbruksprosjektet/ Osterfjord Nærings samarbeid.

\* Delteke ved fagleg møte i regi av Hordaland fylkeskommune om **etableraropplæring**.

\* Synfaring med **fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg**.

\* Delteke ved presentasjon av **prototyp for mobiltolett** i Rena leir.

\* Møte i regi av Osterøy kommune om **kommunestruktur**.

\* Synfaring med **stortingsrepresentant May Britt Vihovde**.

\* Møte i Bergen i regi av Bedriftsforbundet med **Hordalandsbenken** på Stortinget.

\* Deltok ved offisiell opning av **deponigassanlegget** ved Mjelstad Miljø AS.

\* Deltok ved offisiell opning av den nye **transportterminalen** til Rasken Transport AS.

\* **Foredrag** om Osterøynæringslivet og om prosjektet ”Nyskaping i småbedriftsmiljø” for ”Regionalt næringsforum i Hordaland”, for styret i fondsinvesteringsselskapet ”**Argentum**” og for deltakarar i prosjektet ”**Maritim kompetanse**” i **Hardanger**. Foredrag om kulturbasert næringsutvikling i Mjøs vågen for tilsette ved **Kulturlandskaps senteret i Hordaland**.

\* Deltok ved kurs om ”**nettverkskreditt**” i regi av Innovasjon Noreg.

\* Deltok ved møte om ”**Regionalt utviklingsprogram for Hordaland**”.

\* Deltok ved **reise til Thüringen i Tyskland** i regi av Europakontoret i Hordaland fylkeskommune for å førebu søknad om **TECHTRA-prosjektet** til EU-programmet **ENABLE**. Søknaden har utspring i **Nærinettprosjektet** der Osterøy har vore ein av dei deltakande kommunane i Hordaland.

## STYRINGSUTVAL

Styringsutvalet har hatt følgjande samansetning:

**Formann : Lars Magne Bysheim**

Willy Helgesen, vara Jorunn Jacobsen

Svein Skulstad, vara Jostein Jacobsen

Ordførar Kari Forseid Aakre.

## DØME PÅ SPØRSMÅL SOM INDUSTRIKONSULENTEN HAR HANDSAMA I 2004.

- Eg har utvikla ein nye ide. Korleis går eg fram om eg vil søke patent?
- Me har planar om ein ny barnehage og skulle gjerne hatt ein prat med deg.
- Me har overskrindingar på skattefunnsprosjektet vårt. Kor stor overskriding vert tolerert?
- Eg vil behalde momsregistreringa i jordbruket. Kva gjer eg?
- Er det mogeleg å få noko økonomisk hjelp i samband med etableringa mi?
- Me startar eit opplæringsprogram. Er det mogeleg å få tilskott?
- Kan du utarbeide ei næringsfagleg vurdering til Aetat?
- Me vil overta ei bedrift. Kan me få snakke med deg?
- Me må få litt meir system i internkontrollen vår i samband med eit anbod me skal levere. Kan du hjelpe oss?
- Kan du hjelpe oss med ein skattefunnsøknad?
- Kan du hjelpe oss med registrering av ei nystarta bedrift?

## REKNESKAP 2004

	Utgifter	Inntekter
Tilskott frå Osterøy kommune		150.000,00
Tilskott via fylket		20.000,00
Sekretærgodtgjersle Industrilaget		35.000,00
Konsulentonorar		85.527,02
Prosjektinntekter		107.899,19
Renter		9.075,21
Løn inkl sos utg*	253.546,00	
Revisjon	500,00	
Kontorkostnader	23.370,00	
Telf/internettgodtgjersle	1.902,00	
Reise/diett elles	2.002,00	
Km godtgjersle	5.418,00	
Gebyr	191,00	
Tap på fordring	0,00	
Overskott	120.572,42	
	<b>407.501,42</b>	<b>407.501,42</b>
Nordea 31.12.04	807.274,90	
Kundefordringar	7.875,00	
Leverandørgjeld		0
Skuldig skattetrekk		0
Skuldig arbeidsgj.avg.		0
Skuldig mva		43.955,00
<b>Eigenkapital</b>		<b>771.194,90</b>
	<b>815.149,90</b>	<b>815.149,90</b>

\* L Mjøse er i tillegg løna direkte frå Osterøy Utvikling for oppgåva som prosjektleiar for ”Nyskaping i småbedriftsmiljø”.

Kasserar: Lars Mjøse. Revisor: Norodd Helle

# INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

## TIL DI TENESTE

### FOR KVEN ?

Alle som driv eller har lyst til å driva næringsverksemd på Osterøy, har høve til å nytta Industrikonsulenten. Verksemda di eller planane dine kan vera frå dei minste til dei største og produksjonen din automatisert eller handverksprega.

### KVA SLAG SPØRSMÅL ?

Alle typar spørsmål som har med næringsverksemd å gjera, kan rettast til Industrikonsulenten. Me vil anten kunne svara på dei sjølve eller finna fram til stader der du kan få svar. Alle opplysningar vert handsama fortruleg.

### KVA KOSTAR DET ?

Tenestene til Industrikonsulenten er gratis dersom du er nyetablerar eller me treng kort tid for å finna svar på spørsmålet ditt. Dersom spørsmålet ditt krev meir arbeid, må du etter avtale betale ein timepris frå kr 300 til kr 400.

### KVEN STÅR BAK ?

Det er Osterøy Industrilag som har teke initiativ til stillinga og tilsett Industrikonsulenten. Osterøy kommune støttar stillinga økonomisk og held kontor og telefon. Industrilaget betaler sekretærgodtgjersle og ein del inntekter kjem frå oppdrag me utfører for næringslivet. Ordføraren er representert i styringsutvalet for verksemda.

### KVEN ER ME ?

**Lars Mjøs** har vore tilsett i deltids-stilling som Industrikonsulent sidan 1982. Han er utdanna sivilingeniør, maskinlina, ved Norges Tekniske Høgskule, no NTNU. Han har vidareutdanning innan undervisning og miljøvern, mellom anna arbeidsmiljøspørsmål.

Han har vore med å skrive boka "Fem små mekaniske verksteder" og boka "Grunnbok i bedriftslære".

Han har 1 års verkstadpraksis frå Nylands Mekaniske Verksted i Oslo før han tok til med utdanninga og han har arbeidd 2 år som skipsvinsjkonstruktør ved BMV, Hordvikneset. Han driv også eiga konsulentverksemd med etableraropplæring som spesialitet.

### KORLEIS FÅ TAK I INDUSTRIKONSULENTEN ?

Ring direktenummer 56 19 22 70, faks 56 19 21 01. E-postadressa er; [lars.mjøs@osteroyindustrilag.no](mailto:lars.mjøs@osteroyindustrilag.no) . Du kan og vitje Industrikonsulenten i "bustaden" ved rådhuset på Hatland. Gi melding i resepsjonen i rådhuset dersom du ikkje får tak i Industrikonsulenten, så kontaktar han deg.

Nærare informasjon finn du på [www.osteroyindustrilag.no](http://www.osteroyindustrilag.no)